

Oversikt over profeten Jeremia og hans budskap

Roald Kvam © 2008

1. *Bakgrunn.*

- Presteson frå Anatot (levitt-by), ein liten by 7 km nordaust for Jerusalem (Jos 21, 18; Jer 1, 1). Det betyr god kjennskap både til Israels fortid og åndelege tradisjon – og den aktuelle situasjonen.
- Født kring 650.

2. *Kall.*

- Jer 1.

3. *Tid.*

- Kalla til profet i 625 og er verksam til om lag 587.
- Etter bortføringa, som han ikkje vert med på (han vert verande i området kring Jerusalem), blir han tatt med til Egypt av dei som er etterlatt. Statthaldaren var myrda, og dei frykta straffa frå Babel – difor flykta dei til Egypt. Truleg vert Jeremia drepen av desse i Egypt.

4. *Stad.*

- Sørriket. Først i heimbyen Anatot. Sidan i Jerusalem like til folket vart ført til Babylon.

5. *Situasjon.*

- Kong Josjia (vart konge 8 år gamal) betyr ei sterk åndeleg fornying for Juda. Han gjennomfører ein omfattande reformasjon (2 Kong 22-23). Men reformasjonen går ikkje djupt nok og då Josjia dør i 609, fører etterføljarane hans folket inn i fråfall og forfall igjenn. Snart er alt som før. Juda går mot Herrens dom. Forkynninga åt Jeremia avslører ein situasjon som ikkje er noko betre enn hjå dei forrige domsprofetane. Tvert om!

6. *Bodskapen.*

a) *Der og då.*

- Jeremia målber ein kraftig domsbodskap over
 - 1) Gudsforholdet.
 - 2) Forholda menneska imellom.
- Jeremia er "den gråtande profet" (Jer 15, 10-21; 20, 7-18).
- Jeremia er "lidelsens profet fremfor noen":
 - 1) Folkets sammenbrud er hans sammenbrudd.

2) Guds smerte er hans smerte.

3) Folket forfulgjer han.

- Pakta er brutt saman.

Jeremia forstår situasjonen slik at pakta er brutt saman. I den frelsesbodskapen han får målbera, om ei ny tid etter dommen, står talen om den nye pakta sentralt.

Så djup er nauden, så stor er Guds frelse – at han vil gje ei heilt ny pakt, med syndforlating og nyskapte hjarto (Jer 31).

b) Her og nå.

- Religiøs sjølvssikkerhet og vantru overfor Herren.
- Menneskenaturen.
- Vedkjenning.
- Offer knytta til kall og teneste.
- Lidingsvegen åt Jeremia som bakgrunn for Jesu veg.

1) Jesu veg for oss.

2) Vår veg i Jesu fotspor.

7. Boka.

1-39: Før Jerusalems fall.

40-52: Etter Jerusalems fall.

1-25: Domsord mot Juda og Jerusalem. Vedkjenningane åt profeten.

26-45: Profetforteljingar (30-33: Frelsesprofetiar).

46-51: Domsord mot folka.

52: Historisk oppsummering (2 Kong 24, 18-25, 30).

Stoffet er stort sett ordna kronologisk, det gjelder særleg første delen. Det kan sjå ut som at profeten er verksam i fire adskilte perioder:

1) Først i Anatot før Josjia sin reformasjon (625-622).

2) Så etter Josjia sin død i Jerusalem (609-604).

3) Endeleg frå Jojakims død til eksilet (598-587) i Jerusalem.

4) Etter eksilet i Juda og Egypt.



Dreieskiva.com